



EVIG UNG

av Erik Gedeon



Rock'n Roll til du døyr





Nasjonalbiblioteket
Depotbiblioteket

Kjære alle saman

Å bli gammal er ikkje akkurat det morosamaste eg har vore med på i mitt liv, men å aldrast med verdigheit er likevel ein av dei mest spennande og krevjande utfordringar eg har fått.



Verdig er ikkje noko ein berre er i seg sjølv, det er menneska ein har rundt seg, som ved å vise omsorg og respekt, gjer at ein kjenner seg verdig.


Eg er nok heldig, fordi mange menneske enno kjenner meg att frå roller i teater og film.

Det er derfor eg framleis er verdt noko. Eg skulle ønskje at alle eldre fekk oppleve noko slikt, for alle har vi, kvar på vår måte, gjort ein innsats for det samfunnet vi lever i.

Eg blir ofte spurd korleis ein 80-åring kan halde seg så ung. Eg blir sjølvsagt smigra og svarer så godt eg kan. Men eg veit jo at det ikkje er sminke og designklær som gjer susen, det er sjela det kjem an på, ein må vere open, nyfiken, og framfor alt glad, for å halde seg evig ung.


Men korleis halde på glæda? Eg er sikker på at *Evig ung* med sin gjenkjennelege galgenhumor, sin medrivande musikk og sine strålande skodespelarar kan gjere sitt til at ein ser på alderdommen med eit lite glimt i auga. Det er jo på kanten av stupet og i det svartaste mørkret at humoren glitrar aller mest. Og når eg ser korleis dei unge skodespelarane med liv og lyst spelar seg sjølve om femti år, ler eg hjarteleg, og først og fremst av meg sjølv. Kanskje den aller beste alderdomsmedisin.

Ha ein hyggeleg kveld i teatret.
Helsing Bab Christensen.

A large, fluid handwritten signature in black ink that reads "Bab Christensen". The signature is written in a cursive style and is positioned below the typed name.

Skodespelar gjennom 40 år på Det Norske Teatret








MARIT KOLBRÆK

Marit er barnebarnet til skodespelar Marit Kolbræk, som jobba ved Det Norske Teatret i ei årrekke.

Ho er utdanna sjukesøster, men meiner sjølv å ha arva scenetalent frå bestemora. Marit har kurs i musikkterapi og rollespel.

Ho er venstrepolitikar, og svoren nynorsk-tilhengar. Ho er styreleiar i foreininga Ja til aktiv dødshjelp.







HÅKON MOE

Håkon Moe er mest kjend som Frank Kjosås sin evige stand-in. Gjennom meir enn 3000 framsyningar av *Peter Pan* over ein periode på 25 år, møtte Håkon trufast opp på teatret kvar kveld i eit løynleg håp om at Frank skulle brette eit bein og Håkon endeleg få sitt store gjennombrot. Dette skjedde aldri! Resten av karrieren blei prega av tallause barne-framsyningar der den fantastiske rolla hans som Lillebror i *Karlsson på taket* i ein alder av 75 framleis blir suakka om på Det Norske Teatret. Den store draumen hans om å få spele i eit av dei klassiske Shakespeare-dramaa har enno ikkje gått i oppfyl-ling trass i at han kan *Shakespeares samla* i Edvard Hoems omsetjing på rams!

Han var nominert til Spelemannsprisen 2020 for barneplata *NÅ SKAL VI HA DET MORO DERE!!!* Han vann ikkje.




CHARLOTTE FROGNER

Charlotte er ei av dei største teaterstjernene våre, men for mange også kjend for dei utanomsceniske aktivitetane sine, som for eksempel det korte ekteskapet med (daverande) kronprins Håkon.

Etter at Tv-serien *Hvaler* blei nedlagd, braut Charlotte saman og levde fleire år på psykiatrisk sjukehus.

Før dette spela ho mange store roller, og dette prøvde ho å halde fram med etter at Det Norske Teatret blei stengt. Saman med den tredje ektemannen sin, Thomas Bye, har ho hatt suksess på danskebåten med dei svært personlege tolkingane sine av tragiske skapnader som Medea, Andromake, Hedda, Nora, Julie og fleire.







GJERTRUD JYNGE

Gjertrud fekk hard medfart for solofram-syninga si *Hulda og eg*. Ikkje berre blei ho hata av publikum og presse, turneen førde også til ein klamydiaepidemi over store delar av landet.

Gjertrud sat seks månader i fengsel for å ha velta statuen av Wenche Foss, som står på utsida av Nationaltheatret. Ho fekk også dom for å ha onanert mot oljeutvinning i Lofoten.

Gjertrud har gjort seg bemerkta på den internasjonale performance-scenen med den særleine retninga si, seksual-performance.




INGRID JØRGENSEN DRAGLAND


Ingrid har vore fast tilsett (livstidskontrakt) på Det Norske Teatret sidan 1997. Her starta ho i 2000 den progressive, ad-hoc gruppa *pinkpønk* som dreiv oppsøkjande og påtrengjande teater. Dei laga segn-omsuste framsyningar som *Pippi Raudstrøme*, *Hedda Gambler* og *Ronja rævhål*.

Ho blei i 2035 kåra til «Den mest progressive kvinnelege skodespelaren i landet på over 70 år» då ho i ein fotomontasje i «Natt og Dag» som synte heile hennar usminka nakne kropp *piercingar i forfall – ein myte?*.

Ingrid har vore banebrytande i å nytte teater som politisk verkemiddel og likar å utfordre grensa mellom det uberekelege og umedvetne. Som ho sjølv seier etter store utbrot og skandalar: «Eg var i spel».








ANDERS ROGG

Anders takka nei til å delta i Tram-teaterets TV-serie *Pelle Parafin* og rullator-spøkelset da det gjekk opp for han at dei ikkje var fulltalige. Han valde heller å halde fram med det store kunst-narlege prosjekt sitt *Bach på bar*.

Anders mista røysta etter å ha skrike henne sund under Rufus Wainwrights avskjedskonsert.

Anders er glad i å spele i gravferder.



TROND HØVIK


Tronnd er først og fremst frå Bergen. Han fekk jobb ved Det Norske Teatret etter å ha lese dikt av Olav Nygaard og sunge grisete stev i fylla.

Etter at Det Norske Teatret blei nedlagt, har Trond livnært seg som saksofonist i husbandet på *Den store klassefesten*.

Trond fekk ei viss mediainteresse da han slo ned leiaren i Noregs Mållag fordi han mobba dialekten hans.

Han har hatt moderat suksess med dokketeaterfram-syningane *Fuck art!* og *Dødsseilasen*.








THOMAS BYE

Thomas er for dei fleste kjend som ektemannen til Charlotte Frogner. Da Charlotte spela Julie, fungerte han som stand-in for Romeo, men fekk dessverre ingen framsyningar.

Thomas har skrive biografien *Gift med Charlotte*.

I 2033 deltok han i *Skal vi danse*, men rauk ut allereie i andre runde. Det var her han øydela beinet sitt, noko som staka ut den vidare vegen for han: roller som krøpling. Thomas har spelt Richard den tredje, Quasimodo og Lille Eyolf (alle tre på danskebåten).

I 2034 blei han kåra til *Årets gladgutt*.



Svensk-sveitsiske Erik Gedeon er dramatikaren og regissøren bak *Evig ung*. Han er utdanna komponist og konsertpianist frå Sveits og Belgia. I 1993 begynte han å arbeide på Schauspielhaus Hannover i Tyskland. I 2000 sette han opp den første versjonen av *Evig ung – Forever Young* på Schauspielhaus Hannover. Frå 2000 til 2002 var Gedeon musikalsk leiar for Thalia Theater i Hamburg. Der sette han også opp ein ny versjon av *Evig ung – Thalia Vista Social Club*, som raskt blei ein publikumsfavoritt. Han har skriva og regissert eit tjuetals framsyningar.

Evig ung

Av Erik Gedeon

Omarbeiding: Klas Abrahamsson
Omsetjing: Marit Tusvik

Originaltittel: Ewig jung

Premiere 28. mars 2009
på Hovudscenen



Thomas Bye
Charlotte Frogner
Trond Høvik
Gjertrud Jynge
Ingrid Jørgensen Dragland
Marit Kolbræk
Anders Rogg
Håkon Moe

Thomas Bye
Charlotte Frogner
Trond Høvik
Gjertrud Jynge/
Ingrid Jørgensen Dragland
Marit Kolbræk
Anders Rogg
Håkon Moe

Erik Gedeon
Mia Runningen
Terje Wolmer
Nina Bloch
Cecilia Ölveczky
Musikalsk ansvarleg
Musikalsk innstudering

Regi
Scenografi/kostyme
Lysdesign
Maske- og parykkdesign
Dramaturg
Erik Gedeon
Erik Gedeon/Anders Rogg

Inspisient
Rekvisitør
Scenemeistrar

Kostymekoordinator


Hedda Rønneberg
Finn Kirkeby
Per Gunnar Gundersen/
Ingunn Vegger
Kirsten Høidahl

Nypremiere 14. september 2011 på Hovudscenen

Foto: Fin Serek-Hanssen
Bilda er tatt i prøveperioden

Programredaksjon:
Erik Gedeon, Thomas Bye, Cecilia Ölveczky, Margunn Vikingstad, Silje Engeness
Grafisk formgjeving: Knut-Jarle Hvitmyhr
Trykk: Merkur-Trykk AS
Forlag: Columbine Teaterforlag







Nikolaj Frobenius:

OLDINGENS REVANSJE

Kva kan vi bruke alderdommen til?

Etter å ha følgt min 92 år gamle far gjennom det siste året, er eg blitt svært pessimistisk, både på vegner av dei eldre og det offentlege forvaltningssystemet som skal ivareta interessene deira. Norsk eldreomsorg verkar prega av absurd vanstyre og nepotisme. Særleg ille er det for dei eldre som enno ikkje er «sjuke nok» til å få eit tilstrekkeleg tilbod frå velferdssamfunnet. Vi som ein gong i tida skal bli gamle, bør ikkje rekne med ei føreseieleg og verdig behandling frå det offentlege. Eldrebølgja kan bli eit langt og uføreseieleg mareritt.

Er det ingenting vi kan bruke alderdommen til?

250 sjukeheimsplassar står tomme i hovudstaden, og kommunen betaler millionar i leige for lokala. Samtidig får 266 eldre avslag på sjukeheimsplassar. Dette er berre eitt eksempel på at kapasiteten ikkje er det største problemet i norsk eldreomsorg, men den manglande viljen i kommunane til å betale for dei eldres velferd.

At forvaltninga i tillegg er prega av rigid byråkrati og tilfældige avgjerder, fører til at dei eldre kjenner seg som brikker i eit helsepolitisk absurd teater frå helvete. I det frie, sunne og velfriserte Norge kjenner ein veksande del av folket på konsekvensane av vanstyret. Ufridom, sjukdom og sosial fattigdom pregar kvardagen til mange eldre. Dei som bygde

dette landet, blir dagleg utsette for den inngrodde eldrefi-
endtlegheta og nedvurderinga i vår kultur.

**Kan dei gamle vise oss noko? Kan dei vere noko anna enn
nedbrotne og hjelpelause? Kan dei trylle? Kan dei rocke?
Kan dei vere hysteriske og sprø?**

I Oslo er talet på klager frå eldre på helse- og velferdstilbod
dobra det siste året. I Bergen har dei gitt 5 000 eldre sterke
antipsykotiske middel for å bøte på den ubehagelege tilstanden
senil demens. Ute i det norske politiske samfunnet er det
stort sett berre éin kur som blir nytta: å knipe augo hardt
igjen, og late som om vi ikkje ser kva som skjer med dei eldre.

Kan dei eldre gjere narr? Kan dei gjere opprør?

Det er ingen som tviler på at far min er sjuk; han har nyresvikt,
leddgikt, emfysem, blodpropp og har hatt ei rekkje hjerneslag.
Han har fleire sjukdommar enn det eg kan rekne opp i denne
kronikken. Likevel seier tildelingsteamet på Nesodden at
han ikkje er dårleg nok. Han har berre 1,96 poeng, seier dei.
Han «burde» hatt fire poeng, seier dei, med ein slags medynk
i røysta. Hadde han berre hatt fire poeng, ville han fått den
sjukeheimsplassen han har søkt om så mange gonger. “Du
er ikkje dement,” seier helsepersonalet, ganske beklagande.

Problemet for far min er at han ikkje er åndssløv, han er
ikkje oppeten av kreft eller skaka av Parkinsons. Dessverre.
For hadde han vore det, hadde han fått den hjelpa han treng
for å leve nokre år til. Seinare tenkjer eg: Er denne behand-
linga lovleg? Det far min ønskjer seg, er eit korttidsopphald
på ein sjukeheim. Han seier til meg: “Akkurat no klarer eg
meg ikkje aleine, Nikolaj.”

Til å begynne med tenkte eg at det ville vere ei enkel sak å skaffe plass til ein sjuk 92-åring. Så feil har eg sjeldan tatt. Vi har søkt opphald på Nesodden og i Oslo, på kommunale og såkalla private sjukeheimar, vi har søkt rehabiliteringsinstitusjonar. Men det er ingen som har plass til han. Han har trygla tynt om å få plass, men Nesodden kommune har avslått. Han har skjelt dei ut, men dei har med stoisk ro vist han døra, gong på gong. Til slutt blei vi nøydde til å innsjå den bitre sanninga: Dei har ikkje plass til han. Dei kan ikkje gjere noko for å hjelpe. Verken retten til pleie og velferd (helsetenesteloven) eller retten til fritt sjukeheimsval gjeld visst i dette tilfellet: Han er ikkje sjuk nok.

Kan dei gamle gi oss råde råd? Kan dei jukse? Kan dei svinge, kan dei triks?

Pasientombod Petter Holm meiner norske kommunar bryt loven når dei nektar sjuke eldre sjukeheims plass. Dei som har krav på plass, skal få det innan eit par veker, og det er etter loven ikkje tillate å lage ventelister, opplyser Holm. Pasientombodet meiner også at det er svært truleg at eldre som søker sjukeheims plass, verkeleg treng det.

Eg prøver å tenkje meg det motsette: At det sit flokkar av kriminelle eldre i omsorgsbustader kring i landet og pønskar ut skumle planar for korleis dei kan lure kommunane til å gi dei ein sjukeheims plass dei strengt tatt ikkje treng. Det begynner å bli klart for meg: Behandlinga av dei eldre minner meg om verkemidla frå det absurde teatret som far min ein gong i tida likte så godt. Bestillarkontora, eldreombodet, kommunane og helsepolitikarane er alle ansvarlege aktørar i dette latterlege og tragiske politiske spelet.

Seniorane har støtta opp om velferdsstatens grunnpilarar. Dei har levd igjennom krigen, stemt på Arbeidarpartiet og bygd landet, dessutan har dei hatt glede av å oppleve inngangen til oljealderen. Dei gamle har betalt verdas høgste skattar i 70 år, men vi – etterkommarane deira – klarer ikkje å gi dei verdige leveforhold. Kanskje er det ikkje så rart. I vårt verdsbilde er alderdom ei krenking. Noko uønskt og ekkelt. Noko vi vil gøyme bort og gløyme. Noko som vi opplever som truande mot vårt perfektionerte menneskebilede.


Kan dei gamle leie?

Nei, dei gamle har vel ingen ting å tilføre oss. Berre piss. Sikl. Lalling. Kanskje burde vi køyre dei gamle rett på kyrkjegarden, når dei når ein viss alder, tenkjer eg, rasande, på vei ut av nok eit møte med ein institusjon som ikkje har noko å tilby far min. Kanskje burde vi dumpa dei der, på kyrkjegarden, tenkjer eg. Kanskje ville det vere ein meir human måte å kvitte seg med dei på. Å sjå sin vitale, hjernefriske, frekke far, bli tvinga til å forlate den eine sjukeheimen etter den andre, i SV-kommunar og Høgre-kommunar, å sjå han gråte og trygle om å få bli, berre for til slutt å bli dumpa i ein omsorgsbustad der han dag for dag blir nedbroten av helseproblema sine, er mildt sagt opprørande.

Kan dei gamle brøle?

I Norge sit det tusenvis av pleietrengande gamle som enno ikkje er dårlege nok til å komme på sjukeheim. Likevel er dei sjukare enn dei fleste av oss nokon gong har vore. Ein 30-åring ville aldri ha funne seg i å bli neglisjert på ein sånn måte. Den unge ville ha rast: "Slik finn eg meg rett og slett ikkje i å bli behandla."





Ein morgon vaknar eg tidleg. Eg ser eit bilde heilt klart for meg. Det er dei gamle bleike som reiser seg frå sengene. Med varsame steg stavrar dei ut på fortaua mens dei myser mot vårsola. Fleire og fleire kvite hovud stimlar saman. Rekkjene av rullatorar dannar eit forunderleg mønster mellom rekkjehusvegane. No trillar dei, fortare og fortare ned bakken mot pleieheimen. Eg tenkjer: Alle oldingar, foréin dykk! Knus rutene. Treng dykk inn. Lenk dykk fast til sengene. Spytt ut medisiane. Et kakene og drikk den hersens raudvinen dykkar. Ikkje høyr på det tåkete pratet frå pleiarar og byråkratar og politikarar. Velt sengene. Krev dykkar fordømte rett.

De bygde landet. Ta det no tilbake.

Etter at eg hadde skrive ein kronikk om eldreomsorg i Aftenposten, fekk eg ein overveldande flaum av brev og andre meldingar frå eldre menneske, som alle hadde opplevd noko av det same som far min. Breva, tekstmeldingane og e-postane handla om aldersdiskriminering, neglisjering, isolasjon, omsorgssvikt og mykje annan vondskap. Men det som slo meg mest, var at alle som tok kontakt, hadde ein harme i seg, som eg mest aldri synest eg kjem borti ute i det friske og aldersriktige norske samfunnet. Eg tykte eg kunne høyre det mellom linene i det dei skreiv: brølet frå ein aldrande kropp. Mellom rukkene, arra, under dei kvite hårtjafsane, pipla det fram eit raseri, ein steil vitalitet som skein mørkt i dagen og blafra i øyregangane.

Kan dei gamle syngje?

Det norske språket er fullt av nedsetjande karakteristikkar om alderdom: Du er svekt av alderdom, sløva, nedbroten,

men aldri oppløfta, styrkt eller gjort klokare. Uttrykket gammal og klok, er erstatta av gammal og kaputt. Gammal og ubrukeleg. Gammal og klar for dynga.

Kan vi bruke alderdom til noko? Er det i det heile tatt nokon vits i alderdom, er det ikkje noko vi burde avskaffe og raskast mogleg kvitte oss med? Finst det noko der inne, bak dei gamle kroppane, som vi ikkje kjenner, som kan skake oss og røre oss og lære oss noko anna enn det vi allereie kan? Da Rousseau "fann opp" barndommen, under opplysningstida, skapte han førestellinga om ein tilstand knytt til den menneskelege alderen som har hatt uoverskodelige konsekvensar, ein mental revolusjon som kjem til å verke langt utover i dette hundreåret. I dag er barndommen ein mykje meir beskytta og privilegert tilstand enn alderdommen. Vår tids alderdom er som barndommen på 1500-talet. Vi ser ned på alderdommen. Vi skjønar han ikkje. Vi veit ikkje kva vi kan bruke han til, eller korleis vi kan snakke om han. Vi ønskjer å kvitte oss med han. På same måte som vaksne menneske på 1500-talet ville løse dei små uutvikla så raskt som mogleg vekk frå det feilgrepet barndommen var, prøver vi å lukke augo for alderdommen, og skyfle dei gamle vekk frå vårt synsfelt. Vi vil ikkje ha dei blant oss, og vi vil ikkje lære deira måte å tenkje på.


Kanskje kan denne framsyninga, *Evig ung*, vere ei slags motvekt til denne førestellinga om det alderdommelege som ein nedverdigeande og bortkasta menneskeleg tilstand. Og kanskje stormar nokre oldingar scenen mot slutten av stykket, og kastar dei unge skodespelarane ut, og tek over rollene deira...

Den som lever, får sjå.





Barbie Girl



Dette var småjentenes nasjonalsong, ein slags "Stayin' Alive" for jentungar, og kven har ikkje sett dei stå framfor spegelen, pynta, dansande og syngande. "Life in plastic, it's fantastic", og ein kunne nesten forstå det, og iallfall kunne ein gripe seg i å nesten misunne dei dette, at det kan vere akkurat så enkelt, iallfall ein liten augneblink. For

Aqua-Lene varde det også berre ein augneblink, seinare kom alt det triste. Aqua var ikkje Bee Gees, og dei kom seg ikkje vidare, men det var ikkje så farleg. Ingen har tolka småjenteuniverset meir uimotståeleg, og Barbie og Ken blir like viktige som Romeo og Julie, som John og Yoko.

Buona sera signorina



Det var ei tid før rock'n'roll. Ialffall ei tid då ein prøvde å late som rock'n'roll ikkje fanst. Derfor måtte ein lage songar som denne, for at ungdommen ikkje skulle først på ville vegar. Foreldregenerasjonens ideal servert for ungdommen, og Dean Martin fekk jobben. Han

kunne dette med Italia-romantikk. 50-talet går mot slutten, god natt, signorina, og god natt til Napoli, mens månen skin så klårt og italiensk over Middelhavet. I morgon kjøper vi ringar, og så er det rett inn i ekteskapet, som er det einaste målet for forelsking og lidenskap. Utanfor Dean Martins fredeleg italienske hage raser stormane. Men enno ei stund er det muleg å late som ingenting.

Forever young

Alphaville overtydde kanskje ingen om anna enn at dei såg bra ut og kunne smyge seg inn i ungjentehjarte, og laga musikk som det kunne dansast til. Alphaville, tre halvunge tyskarar, prøvde å inkarnere 80-talet, og klarte det eit heilt år. Men dei prøvde på noko meir. Her begynner dei med det naturlege 80-talsutgangspunktet, dansen, og går straks over til store spørsmål: Skal dei sleppe bomba eller ikkje? La oss døy unge eller leve evig. I denne noko usamanhengande og ambisiøse teksten, framført med dårleg engelskuttale (for-æver young, I want to be foræver young), avslører Alphaville at dei kanskje heller burde seie at det er fint å danse og nøye seg med det. Og det at dei ikkje gjer det, er eigentleg litt rørende. Og ein fengande song er det jo...



I Got You Babe

Dette var den første og største hiten til Sonny and Cher, og det var noko trugande over den snerrande framføringa. Ein perfekt kombinasjon av uskyld og ungt opprør: "They say we're young and we don't know". Men vi har kvarandre, vi har langt hår, og dei andre kan berre seie kva dei vil. Ein slags essens av 1960-talet før alt blei psykedelisk. Både Sonny og Cher prøvde seg på solokarrierar, men berre Cher lykkast. Sonny gjekk vidare



til ein halvt vellykka politisk karriere og miste livet i ei skiulykke. Cher song vidare og gjekk samtidig til filmen og eit utal ansiktsløftingar. Det står om henne ein stad: "Musikken hennar hadde ingen betydning, men ho blei ein svært god skodespelar." Seinare minte UB40 oss om kor god denne songen eigentleg var.

I Love Rock'n'roll



Det er berre det det handlar om, eg elsker rock'n'roll og det er alt som trengst i livet, men det må ropast ut, gong på gong, av stadig nye generasjonar. Joan Jett and the Blackhearts ropte det ut meir aggressivt og meir overtydande enn dei fleste andre. Bodskaen er den same: han er rundt sytten og dansar rundt borte ved jukeboksen. han er stor og sterk, og han spelar favorittsongen min! Eg elsker rock'n'roll! Han vil danse med meg, og vi skal heim til han. Så putt ein ny mynt på jukeboksen, for eg elsker rock'n'roll! Det er det heile.

I Will Survive



Den internasjonale homsehymnen, av ein eller annan grunn. Det blei no berre slik. Og verdas mest etterspurde karaokesong. Ingen veit lenger kor mange eksemplar som er selde av denne songen, og Gloria Gaynor har herska over alle verdas dansegolv sidan 1978. Temaet er klassisk, ho

som er blitt svikta og som ikkje vil ta svikaren tilbake, men har funne ut at ho klarer seg sjølv og vil spare kjærleiken for ein som verkeleg elsker henne. Til inspirasjon for alle som har opplevd det same og som kjenner at det går lett an å overleve, ved å kaste seg ut i dansen.

Lady Madonna

Kven var no denne Lady Madonna, ho som sat der med ungar ved føtene sine? Det er det nok berre Paul McCartney som veit. Det er ein av desse nærmast perfekte Beatles-songane, frå våren 1968, klemt inn mellom Hello Goodbye og Hey Jude. Eller mellom Sgt. Pepper og det kvite albumet, desse to storverka. Men det er ingenting prangande over Lady Madonna. Ganske streit rock'n'roll, utan psykedeliske faktar. Utan noko tull og tøys. Heilt upretensios. Men likevel med dette vesle ekstra, denne vesle luksusen.




Sweet Dreams

Musikken til Eurythmics er blitt ståande som noko av det mest minneverdige frå 80-talet med Annie Lennox si "blåøygde soul"-stemme og David Stewarts fengande elektronikk. Uimotståelege danserytmor og kjølig sensualitet. Og kva handlar songen eigentleg om? Vanskeleg å seie, og ingen




bryr seg egentleg. Ein reiser gjennom verda og over dei sju hav, alle leitar etter noko, nokre vil bruke og misbruke deg, andre vil bli brukt og misbrukt. Meir treng ein ikkje vite, ikkje når songen grip tak i deg slik denne gjer.

Smells Like Teen Spirit



Av og til må det dukke opp band som Nirvana og songar som denne for å få musikken til å vakne att. Ikkje sidan Sex Pistols hadde ein høyrte noko tilsvarande, og Nirvana minte oss på ny, på det tidlege 90-talet, om at rock'n'roll handlar om aggressivitet og ungdommeleg opprør som ikkje spør etter noko å setje i staden for det ein gjer opprør mot. "Load up your guns", eit lite frampeik mot Kurt Cobains eigen lagnad. Når lysa er sløkte er det mindre farleg, men Nirvana var eit på alle måtar mørkt og farleg band og eit nødvendig band. Og Kurt Cobain både levde og døydde for saka, for alle rock'n'roll-mytar.

Stayin' Alive



The Bee Gees, med brørne Barry, Robin og Maurice Gibb, var eitt av verdas beste popband, men hadde forsvunne litt inn i skuggen då disco-bølgja, punkens sterkaste konkurrent på det seine 70-talet, skylde over strendene og filmen *Saturday Night Fever* med John Travolta, forkynte at

det å danse var det einaste meiningsfylte. Og The Bee Gees var igjen på høgde med si tid og vel så det, og det var vanskeleg å ikkje la seg rive med, om ein kunne godta den litt irriterande falsettsongen. New York var staden å vere, og dansen var det som skulle til for å kjenne seg levande. Dei alvorlege spørsmåla kunne vente. The Bee Gees kom seg også gjennom denne epoken, etter å ha blitt hånte for sin nye disco-look og viste at gode songar overvinn latterlege kostyme.

You Can Leave Your Hat On

Ein litt merkeleg hit, dette. Melodien er ganske kjedeleg, det skjer stort sett ingenting, og songen høyrer ikkje til Randy Newmans beste. I den litt dristige teksten skjer det heller ikkje så mykje, ei kvinne kler av seg for eit mannleg blick, men ho får behalde hatten på. Så eigentleg sit ein berre


att med Joe Cockers kjende og kjære røyst, den som kjem frå kjellaren der rottene krafsar og muggen ligg tett. Joe Cocker som ein unner alt godt, mens ein aldri heilt gir opp å vente på at han skal syngje noko som er like bra som "With A Little Help From My Friends".

Ragnar Hovland



Forfattaren bak *Dr. Munks testamente*, *Svere over vatna* og eit utal andre klassikarar kom i 2008 ut med *Dr. Munks popleksikon*.







Depotbiblioteket

Evig ung



11G146694

